

REFRERAT

Temakomite for kulturbygging I nye Volda kommune

Møte 02.10.2019 I Sundalen

Frammøtte: Odd Harald Sundal, Astrid Gjersdal, Anett Mari Bugjerde, Ola Bergset og Sigurd Tverberg

Sak 1: Referat frå forrige møte. Ein vil gå ut I media og minne om at ein kan framleis søke om midlar til kulturbygging.

Sak 2: Bestilling frå fellesnemda:

“Fellesnemda ber komiteen planlegge ei markering av kommunesamanslåinga innafor ei nøktern ramme rett etter nyttår. Opplegg vert å drøfte med leiar av fellesnemda og prosjektleiar.”

Komiteen har hatt idedugnad på denne bestillinga og ein har kome fram til fylgjande framlegg:

- Festforestilling Laurdag 11. 01.2020, Komiteen finn Mørehallen best eigna til arrangementet.
- Tidsramme inntil 4 timar på ettermiddagstid
- Ein ser føre seg å nytte kremen av lokale krefter frå heile nye Volda til denne festforestillinga.
- Enkel matsservering, festkake med nytt kommunevåpen/ordførarkjede bør vere sjølvsgt
- Komiteen vil tilrå å nytte lokale foretak med kompetanse og referanser til å stå for det praktiske arbeidet rundt arrangementet.
- Komiteen for kulturbygging vil fungere som styringsgruppe for arrangementet.

Komiteen har laga ein idebank som ein inntil vidare ikkje vil gå ut med offentleg. Neste steg vert å legge dette fram for prosjektleiar og leiar av fellesnemda før ein går ut med meir informasjon.

Austefjord 02.10.2019

Odd Harald Sundal, leiar temakomitè for kulturbygging i nye Volda.